



Hordaland fylkeskommune

Hordaland Fylkeskommune

28 SEPT 2015

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/860 - 15/4326

Sakshandsamar:

Sveinung Toft

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:

25.09.2015

## Fråsegn til reviderte miljømål og tiltaksplan vassregion Hordaland

Det vert vist til 2. gangs høyring knytt til regional plan for vassregion Hordaland 2016 – 2021, jf. dykkar referansenummer 2014/16490.

Masfjorden kommune beklagar sein tilbakemelding, men ber om at denne fråsegna likevel vert vurdert i det vidare arbeidet med Regional Plan for vassregion Hordaland sine miljømål og tiltaksplan m.m.

Kommunen er positiv til at det vert ein heilsakeleg og kunnskapsbasert vassforvaltning i regionen, men meiner at einskilde miljømål kan gje uheldige utslag i høve både nasjonale, regionale og lokale ønskjer. For ein vasskraftkommune som Masfjorden er det spesielt det som gjeld miljømål og tiltak knytt til vassdrag med kraftregulering som er problematisk. Ein er mellom bekymra for at det vert definert miljømål som kan innskrenka handlingsrommet i einskildsaker etter at forvaltningsplanen er vedteken. Vidare vil ein visa til at miljømåla i mindre grad er basert på kost/nyttevurderingar, og at ein difor risikerer å setje miljømål som har for høge kostnader for samfunnet.

Ut frå dette ber me om at følgjande tekst vert teke inn i endeleg plan:

**I alle vassforekomstane som er karakterisert som sterkt modifiserte (SMVF) på grunn av påverknad av vasskraft, skal miljømålet « Godt Økologisk Potensial» (GØP), samt konkretisering av GØP, vera eksisterande tilstand. Det er i denne planperioden ikkje aktuelt å fastsetja miljømål som legg opp til redusert vasskraftproduksjon eller redusert evne til flomdemping.**

Karstein Totland

Ordførar i Masfjorden kommune

Med helsing

Sveinung Toft  
ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur



**Mottakarar:**

Hordaland fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
*5020 BERGEN*

postboks 7900

5020

BERGEN